

Smittevernreglar - Gult nivå

Austrheim vgs – Gjeldande frå og med 07.12.20

Dei lokale reglane utfyller og presiserer nasjonal smittevernrettleiar: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/ungdomsskole-vgo/>

1. **Ingen sjuke skal møte på skulen.** Dette betyr at ved nyoppståtte symptom på forkjølelse (tett nase og/eller sår hals) skal elevar og tilsette halde seg heime til allmenntilstanden er god. Elevar og tilsette kan komme tilbake til skulen når dei føler seg friske og feberfri, sjølv om dei fortsatt har nokre symptom på luftvegsinfeksjon. Ved symptom må ein ta kontakt med sitt legekontor for å få vurdert behov for testing.
2. **God handhygiene:** Når ein kjem på skulen og når ein forlet skulen skal ein vaske hendene med såpe eller bruke handsprit. Pass også på handvask etter toalettbesøk, før og etter spising og etter uteaktivitet.
3. **Hald avstand!** Alle elevar skal halde avstand på minst 1 meter til medelevar og tilsette.

Fellesareal

- Kantina er open. Elevane vert oppmoda om å sitje mest mogleg klassevis.
- Skulefrukost blir avvikla etter ordinær plan.
- Unngå trengsel og oppsamling i gangane.

Klasserom

- Elevane skal ha 1 meter avstand til tilsette i undervisninga så langt det er mogeleg. Lærar kan gjere unntak i kortare tidsrom (mindre enn 15 minutt) for å hjelpe elevar.
- Elevane har faste plassar i klasserommet, men kan flyttast ved gruppearbeid.
- Elevar får IKKJE besøkje andre klassar sine klasserom i friminutta.

Verkstad

- Alle har sitt personlege verneutstyr. Det gjeld hanskar, sveisemasker, hørselsvern osv. Dette skal reingjerast etter kvar skuledag. Lærar passer på at det vert sett av tid til dette.
- Så langt det er mogeleg brukar elevane utstyr reservert for ein elev. Når dette ikkje er mogeleg, skal utstyret reingjerast/desinfiserast etter bruk. Lærar passar på at det vert sett av tid til dette.

Kroppsøving

- Undervisninga går tilnærma som normalt med bruk av desinfisering før og etter aktivitet.
- Aktivitet som inneber nærkontakt bør ein unngå.

Skuleskyss

- Elevar som har moglegheit til å unngå å nytte offentleg transport til og frå skulen, vert oppmoda å nytte alternative transportmiddel.
- Ved bruk av offentleg transport må elevane halde avstand (minimum 1 meter) og sitte på annankvart sete så langt det er mogeleg. Elevane vert på det sterkaste oppmoda til å nytte munnbind.
- Elevane må halde avstand medan dei ventar på bussen/båten.

Sanksjonar

- Brot på reglane kan føre til sanksjon i samsvar med ordens- og åtferdsreglementet – lokalt tillegg.